

**Fra:** Tore Eriksen []

**Til:** Einar Kåre Ulla [Einar.Kare.Ulla@sfj.no]

**Kopi:** Postmottak Sentraladm [Postmottak.Sentraladm@sfj.no]; 'jan@vidsyn.as' [jan@vidsyn.as]

**Sendt:** 08.06.2016 07:57:11

**Emne:** Kontrollutvalet (KU) 6.06.16 - uttale

**Vedlegg:**

**Kopi:**

- Postmottak for registrering.
- Styreleiar i F1 Holding, som eg forstår at også er invitert til å gje ev. uttale.

**Uttale frå fylkesrådmannen til Kontrollutvalet (KU) sitt vedtak 6.06.16 om  
«Selskapskontroll 2016 - Eigarskapskontroll Fjord1»**

Jf. e-posten din under. Eg vel å svare på tilsvarende enkel form – e-post.

Eg vert invitert til å kome med ev. uttale til Kontrollutvalet (KU) sitt vedtak av 6.06.16. Eg viser også til møte i KU same dag, der eg var med på første delen av møtet.

Uttalen min inneheld ein kort generell tekst og deretter korte kommentarar til kvart av vedtakspunkta frå KU.

**Generelt**

Generelt vil eg nemne/meine:

- I perioden frå FT-vedtaket (23.11.15) til ev. gjennomføring av transaksjonen har seljar hatt plikt til å syte for normal drift og sikre at verdiane blir i konsernet.
- Eigaroppfølginga har på vår side vore prega av tett og godt samarbeid mellom fylkesordførar, fylkesrådmann og styreleiar i F1 Holding:
  - a. Fylkesordføraren har – som eigarrepresentant – hatt ansvaret for kontakten med styret i Fjord1 AS, minoritetseigar Havilafjord AS og – i startfasen (men berre då) – kjøparen.
  - b. Fylkesrådmannen har – som fastsett i fylkestingsvedtaket – hatt ansvaret for at transaksjonen blir gjennomført.
  - c. Fylkesrådmannen – som eigarrepresentant – og styreleiaren i F1 Holding AS, har saman hatt ansvaret for morselskapet og dei plikter og rettar som FT-vedtaket og avtaleverket etablerer.
- Rapporteringa til fylkesutvalet har i denne perioden vore relativt hyppig/omfattande.
- Korkje eigarrepresentantane eller styreleiaren i morselskapet har hatt tilgang til konkurransesensitiv informasjon.
- Det har utvikla seg ei god rolleforståing og eit godt samarbeid mellom F1 Holding/fylkeskommunen sine aksjonærvalde medlemmar i styret for Fjord1 AS og majoritetseigaren.
- Minoritetseigar sine interesser er godt ivareteke.

- Det har til no ikkje vore nytta instruksjon overfor styret i Fjord1 AS.

**Til pkt. 1:**

KU: Notat etter gjennomført kontroll av eigaroppfølging Fjord1 vert teke til orientering.

Fylkesrådmannen viser til intervjeta og dei munnlege kommentarane til notatet (forfatta av kontrollsjef og revisor) som kom fram under møtet i KU 06.06.16. Det er kanskje ei viss usemje om – og ev. korleis – eigarutøving kan skje utanom og mellom generalforsamlingane. I kommentarane under vel fylkesrådmannen å sjå framover og skisser løysingar.

**Til pkt. 2**

KU: Fylkestinget meiner at den reelle utøvinga av eigarskap og kommunikasjon mellom fylkeskommunen, F1 Holding AS og Fjord1 AS ikkje er i samsvar med den vedtekne organiseringa, og ber fylkesutvalet vurdere om fylkesordføraren bør veljast som eigarrepresentant i F1 Holding AS.

Fylkesrådmannen viser til FU-sak 7/15 i møte 28.01.15 og vil – om ønskjeleg – kunne leggje til rette for at FU kan drøfte og ev. vedta eit skifte av eigarrepresentant til F1 Holding AS.

**Til pkt. 3**

KU: Fylkestinget meiner at direkte påverknad av styremedlemar i Fjord1 ikkje er i samsvar med den vedtekne eigarmeldinga. Fylkestinget ber fylkesrådmannen utgreie konkrete retningsliner for eigarutøving mellom generalforsamlingar, og at dette vert vurdert i samband med handsaming av eigarmeldinga.

Fylkesrådmannen meiner at ein føresetnad for utøving av den fylkeskommunale eigarskapen å ha god kontakt med styra og fylkeskommunen sine aksjonærvalde styremedlemar, også utanom generalforsamlingane. Instruksjon bør likevel berre kunne skje i generalforsamlingar. I neste eigarmelding kan fylkesrådmannen ev. legge til rette for at FT kan vurdere nærmare føringar for slike dialogar. Denne må vere tilpassa det som alt ligg i politiske vedtak og inngåtte avtalar.

**Til pkt. 4**

KU: Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge til rette for opplæring og styrka kompetanse for eigarrepresentantar i fylkeskommunale selskap.

Fylkesrådmannen konstaterer at det berre er nokre få eigarrepresentantar i fylkeskommunale selskap. Ev. ikkje-selskapsspesifikke opplæringstiltak bør difor drøftast med dei det gjeld. Spørsmålet om slike tiltak bør truleg også drøftast i FU.

**Til pkt. 5**

KU: Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere rutinane for handsaming av dokument og informasjon som er unntake offentleg. Ein ber også om at det vert gjeve tilstrekkeleg opplæring til fylkespolitikarane om offentleglova og teieplikt.

Fylkesrådmannen viser til at han, saman med juridisk sjef og arkivleiar, møtte i KU 31.05.16. Dette er protokollert slik: «Orienteringar v/fylkesrådmannen: Rutinar ved handsaming av dokument unntatt offentleg: Fylkesrådmannen v/Hågård og Nornes orienterte om regelverk og rutinar rundt handsaming av dokument unntatt offentleg. Etter ein diskusjon i utvalet vart orienteringa teken til vitande.»

Fylkesrådmannen viser og til gjennomførte orienteringar og opplæring på området. Fylkesrådmannen ser gjerne på eigne rutinar. Behovet for (nye) opplæringstiltak bør kunne drøftast i FU, og ev. konkretiserast, i forkant av nye tiltak.

**Tillegg:**

Utover dette meiner eg – som kommentert i KU 6.06 – at visse fortolkningar og synspunkt i notatet KU fekk seg førelagt – kanskje burde vore kommenterte også her. Eg let likevel dette liggje.

Med helsing  
Tore Eriksen  
fylkesrådmann  
Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2, 6863 Leikanger  
[www.sfj.no](http://www.sfj.no) | [Tore.Eriksen@sfj.no](mailto:Tore.Eriksen@sfj.no)  
sentralbord: +47 57638000 | mob: +47 41530932

---

**Fra:** Einar Kåre Ulla

**Sendt:** mandag 6. juni 2016 16:43

**Til:** Tore Eriksen <[Tore.Eriksen@sfj.no](mailto:Tore.Eriksen@sfj.no)>

**Kopi:** Frank Willy Pedersen Djuvik <[Frank.Willy.Pedersen.Djuvik@sfj.no](mailto:Frank.Willy.Pedersen.Djuvik@sfj.no)>; Frank Willy Djuvik <[frank.willy.djuvik@gmail.com](mailto:frank.willy.djuvik@gmail.com)>

**Emne:** Kontrollutvalet

Hei Tore

Viser til møte i kontrollutvalet i dag der du deltok mellom kl. 09.30 - 10.30.

Kontrollutvalet ber om eventuell uttale frå fylkesrådmannen i saka om eigaroppfølging Fjord1 innan utgangen av veka. Dette for at utvalet eventuelt kan få gjennomført eit møte før fylkestinget 14. juni for å handsame saka på nytt med uttalen frå fylkesrådmannen. Vedtaket frå handsaminga i dag vart slik:

1. Notat etter gjennomført kontroll av eigaroppfølging Fjord1 vert teke til orientering.
2. Fylkestinget meiner at den reelle utøvinga av eigarskap og kommunikasjon mellom fylkeskommunen, F1 Holding AS og Fjord1 AS ikkje er i samsvar med den vedtekne organiseringa, og ber fylkesutvalet vurdere om fylkesordføraren bør veljast som eigarrepresentant i F1 Holding AS.
3. Fylkestinget meiner at direkte påverknad av styremedlemmar i Fjord1 ikkje er i samsvar med den vedtekne eigarmeldinga. Fylkestinget ber fylkesrådmannen utgreie konkrete retningslinjer for eigarutøving mellom generalforsamlingar, og at dett e vert vurdert i samband med handsaming av eigarmeldinga.
4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge til rette for opplæring og styrka kompetanse for eigarrepresentantar i fylkeskommunale selskap.

5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere rutinane for handsaming av dokument og informasjon som er unntakse offentleg. Ein ber også om at det vert gjeve tilstrekkeleg opplæring til fylkespolitikarane om offentleglova og teieplikt.

Med helsing

Einar Ulla  
kontrollsjef, sekretariatet for kontrollutvalet  
Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2, 6863 Leikanger  
[www.sfj.no](http://www.sfj.no) | [Einar.Kare.Ulla@sfj.no](mailto:Einar.Kare.Ulla@sfj.no)  
tlf: +47 57638051 | mob: +47 97190734